

NATUR OG KULTUR

Fantastisk utsikt



Foto: Hamish Moore

SKUGGENATTEN VISER DEG ei fantastisk utsikt over dalen. Nordover mot Vrådal og sørover mot Tjørull, Haugsjåsund og Åmli. Den fire mil lange innsjøen Nisser, som ligg mellom Treungen og Vrådal, var ein gong ei viktig ferdselsåre. Gamle hellemålingar og gravrøyser finn ein langs innsjøen sine breidder og viser at det har budd folk i denne dalen sidan bronse- eller jernalder. For over hundre år sidan gjekk båtane heilt frå Vråløsen, fem mil unna, sørover mot Vrådal, Nissedal og til Treungen. I 1913 var Treungenbanen ferdig bygd, og båtlast, som tømmer og malmtransport, blei frakta vidare til Arendal med tog. I dag er Nisser rekreasjonsplass, med yrande båt- og badeliv om sommaren.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

SVABERG Nissedal er ein av tre innlandskommunar som har typiske sørlandssvaberg, også oppe på fjellet.
Foto: Tone Reinholdt



NATUR OG KULTUR

Skuggenatten opp



Foto: Tone Reinholdt

FJELLET OG TURSTIEN HAR BLITT KJENT etter at Treungen IL starta toppløpet Skuggenatten Opp i 2010. Løpet er godt marknadført og trekker kjente idrettsutøvarar frå heile landet til Treungen. Fyrste helga i juni er ein folkefest i heia. I tillegg til mange frivillige som arbeider med løpet, går nissedølane mann av huse for å gjennomføre toppturen i trimklassa – og for å heie på eliten som spring opp på under halvtimen!


Layout: Nina Akerstveit / Trykk: Erik Tancher Nilsen as



www.vandretelemark.no www.visitnissedal.com

Ansvareg utgjevar er VTNU AS og Nissedal kommune med støtte frå  TELEMARKE FYLKESKOMMUNE

KARTLAV Ein type grøn skorpelav som veks på stein, gjerne på sure bergartar og i område med rein luft.
Foto: Nancy Bundt.



BLÅBÆR I juli og august finn du saftige blåbær langs stien. Bæra er fulle av livgivande antioksidantar. Foto: Tone Reinholdt



4,3 KM / 3 TIMAR TUR/RETUR
TOPPTUR, KREVJANDE →



Treungen – Telemark

TURMÅL Skuggenatten

TEMA Topptur/utsiktstur

Foto: Hamish Moore



NÅR JOLEGATA OPNAR fyrste adventshelga blir "joletreet" tent på toppen av Skuggenatten. Treet er Telenormasta som blir dekorert av hundrevis av lyspærar. Ei flott oppleving i vintermørket.

Foto: Simonas Fotostudio.



Om turen

TOPPTUR med stigning på 456 høgdemeter. Storparten av stien går over blankskurte svaberg, resten er grusveg og skogsti. Turen er godt merka med blått. Flott utsikt langs heile turen.

Ved startpunktet har du to val: Gå langs grusveg, som er ein del av den gamle jernbanen i Treungen, eller gå over idrettsbanen og inn i skogen. Begge startpunkt er godt merka.

Køreforklaring

Stien ligg ved Rv. 41 (Telemarksvegen) i Treungen sentrum, på strekninga mellom bensinstasjonane og den gamle steinbrua. Skilta med "Skuggenatten", inn til parkering ved idrettsplassen.



Foto: Hamish Moore.

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Turguide: Nissedal

Skotøy: Gode joggesko. I fint vær er svaberga tørre og lette å gå på.



Tilgang: mai-oktober.

OBS: Etter mange regndagar kan svaberga på delar av stien vere svært glatte.



For oversikt over vandrarvennleg overnatting, sjå vandretelemark.no



Foto: Hamish Moore.